

RETTLEIING AV NYUTDANNA OG NYTILSETTE LÆRARAR I JÆRSKULEN



*Plan har vore gjeldande frå 01.08.2014
Revidert våren 2020, godkjent av styringsgruppa for Jærskulen 9.juni 2020*



INNHALD

INNHALD.....	1
1. Bakgrunn for planen	2
2. Mål	3
3. Oppgåver og ansvar	3
Skoleeiger (kommunen) og Jærskulen	3
Rektor	3
Rettleiar	4
Den nyutdanna	4
4. Organisering og tid.....	5
Det fyrste året	5
Det andre året	5
5. Rettleiing til lærarar som har vore borte frå yrket	6
6. Fadder for nye tilsette	6
Oppgåver for fadder.....	6

1. Bakgrunn for planen

Det er skuleeigar sitt ansvar at nyutdanna blir ivaretatt på ein god måte. Rettleiing og utvikling av kompetanse er ein del av dette ansvaret. (Arbeidsmiljøloven § 4-2, Opplæringslova § 10-8).

Kunnskapsdepartementet har i samarbeid med organisasjonar for barnehage, skule og høgare utdanning blitt einig om et sett av prinsipp og forplikting for eit likeverdig rettleiingstilbod av høg kvalitet (som gjeld fram til 31.07.2021)

Jærskulen har sidan 2014 hatt eit samarbeid om rettleiing av nyutdanna lærarar. Denne planen bygg på plan frå 2014, og rettleiaren frå Kunnskapsdepartementet. Planen er gjeldande for kommunane og skulane i Jærskulen. Kommunen og skulen har ansvaret for rettleiinga i fyrste arbeidsår. Jærskulen har eit samarbeid om rettleiing for lærarar som er i andre arbeidsår.

For den nyutdanna vil særleg den første tida som lærar vera viktig og krevjande. Nyutdanna som mottar rettleiing, er meir positive i vurderinga av første år i yrket, enn dei som ikkje har fått rettleiing.

Viktige suksessfaktorar er:

- Eit forhold prega av tillit mellom rettleiar og den nyutdanna
- Avsett tid
- Jamlege møter
- Rettleiar sin kompetanse

Begreper:

Nyutdannet nytilsatt lærer: en lærer i de to første årene som ansatt i barnehage eller skole etter endt grunntidning, i fast eller midlertidig stilling.

Kvalifisert veileder: en lærerutdannet som har formell veilederkompetanse, nødvendig faglig kompetanse og minst tre års erfaring som lærer.

Veiledning: en planlagt, systematisk og strukturert prosess som gjennomføres individuelt og i gruppe.

Veiledningsordning: et planmessig og bærekraftig system forankret lokalt på eier- og virksomhetsnivå som omfatter alle nyutdannede nytilsatte lærere i barnehager og skoler.

Omgrep i *rettleiaren* frå Udir

Planen har tre vinklingar:

- 1) Sikra nyutdanna lærarar fagleg og yrkesretta rettleiing ved hjelp av ein utdanna og kvalifisert rettleiar.
- 2) Sikra nytilsette praktisk hjelp både av leiar og av ein fadder.
- 3) Tilby rettleiing til lærarar som har vore borte frå yrket i minst fem år. Tilbodet vert tilpassa den læraren som har vore vekke frå yrket.

Siktemålet med denne planen er både å leggja føringar for rettleiingsordninga, og for nytilsette sitt møte med skulen deira.

2. Mål

Alle nyutdanna lærarar skal få ein god overgang får utdanning til yrke gjennom eit godt likeverdig tilbod om rettleiing av god kvalitet i tråd med prinsipp for rettleiing i dokumentet [«Veiledning av nyutdannede nytilsatte lærere i barnehage og skole»](#).

Forsking viser at dei første åra i yrket har stor betydning for lærarar sitt pedagogiske arbeid og for stabilitet i yrket.

Rettleiinga som skjer i Jærskulen sine fire kommunar skal i tillegg til å sikre ein god overgang mellom utdanning og yrke, og bidra til å rekruttera, utvikla og halda på dyktige fagfolk.

3. Oppgåver og ansvar

Skuleeiger (kommunen) og Jærskulen

- Skuleeigar er ansvarleg for at føringane i planen blir realiserte.
- Skuleeigar må sikra at rektorane er kjende med innhaldet i planen.
- Skuleeigar må kartleggje behovet for rettleiing i kommunen.
- Skuleeigar må kartlegga tilgjengeleg rettleiingskompetanse i kommunen.
- Skuleeigar sikrar at funksjonstillegg og løn blir utbetalt i høve til føringane i planen.
- Skuleeigar tilbyr årleg eit møte for rettleiarar for erfaringsutveksling, kompetanseheving og evaluering.

Rektor

- Rektor må anerkjenne rettleiing og støtte opp under tiltaka
- - se til at avtale blir følgt
- Rektor er ansvarleg for å sikra rettleiing for den nyutdanna, og skal kalle og vere med på oppstartsmøte mellom nyutdanna og rettleiar. I møte skal det lagast ein plan for rettleiing. Planen kan og innehalde intern kompetanseheving for den nyutdanna.
- Rektor skal sikra at tid til rettleiing blir lagt inn i arbeidstidsavtalen og at funksjonstillegg til rettleiar blir utbetalt.
- Rektor deltar i evaluering av rettleiingsarbeidet
- Rektor skal støtte og lyfte fram nyutdanna i profesjonsfelleskapet og etterspør deira kompetanse.
- Det er eit siktemål at kvar skule har ein utdanna rettleiar. Rektor må motivera aktuelle lærarar til å ta rettleiarutdanning. Dersom skulen ikkje har ein utdanna rettleiar kan ein «låna» rettleiar frå andre skular i kommunen.
- Rektor skal sikre at alle nyttilsette får ein fadder i det dei startar i stillinga si.

Rettleiar

- Rettleiaren skal ha formell rettleiingskompetanse og minst tre års erfaring som lærar.
- Kvar rettleiar bør ikkje ha meir enn 2 personar under rettleiing. Ein kan og rettleia ein nyutdanna ved ein annan skule.
- Det kan vere gunstig at rettleiaren ikkje arbeider for tett saman med den ho/han skal rettleia. Det vil gjere det enklare for den nyutdanna å ta opp vanskelege problemstillingar. I små avdelingar kan det derfor vera nyttig å ha ein rettleiar som kjem utanfrå. Rettleiar bør ikkje vera ein frå leiinga på skulen.
- Rettleiar og den nyutdanna lagar ein plan med tema der det blir lagt vekt på den nyutdanna sine behov og ønskjer. Planen må gje rom for skulen sine utviklingsområde og situasjonar som måtte oppstå. Det skal vera ca eitt møte kvar månad og elles etter behov.
- Møta skal vera planlagde og gjennomførast etter ein bestemt koreografi. Begge partar veit kva som er føremål og innhald før møtet startar. Møtet blir avslutta med å ha mål og fokus fram til neste gang.
- Rettleiinga skal utvikla yrkesfaglig kompetanse og vera profesjonell, ikkje personleg. Rettleiinga skal gje nyutdanna høve til refleksjon over eigen praksis og til erfaringsutveksling. Rettleiinga skal gje tru på eiga meistring og eigne evner. Rettleiinga kan dermed gje nyutdanna hjelp til den praktiske yrkesutøvinga og større sjølvtilitt i yrket.

Den nyutdanna

- Nyutdanna lærarar er ein ressurs i profesjonsfellesskapet for skulen. Dei kan sjå verksemda i eit anna perspektiv, dei er oppdaterte på pedagogisk teori, og dei kan ta del i eit læringsfellesskap kor dei sjølv får bidra. Dette vil likevel vera avhengig av kva slags meistring den nyutdanna møter i dei første yrkesåra.
- Rettleiinga skal skje med utgangspunkt i den nyutdanna sine behov og ønskjer.
- Rektor kan likevel definera ein del faglege og praktisk-metodiske område som det er viktig å gje opplæring i, men desse områda bør mest sikrast gjennom internopplæring.

Den nyutdanna har ansvar for:

- Delta aktivt i rettleiinga med ønskjer og behov og bringe inn eigen kunnskap og erfaringar.
- Delta aktivt i utarbeiding av møte- og framdriftsplan for rettleiinga
- Ta initiativ til her-og-nå-drøftingar med rettleiar
- Ta vare på situasjonar, utfordringar og problemstillingar som grunnlag for rettleiing – og levera desse til rettleiar i god tid før rettleiing
- Gje tilbakemelding til rettleiar om ”korleis det går”
- Delta aktivt i internopplæring

4. Organisering og tid

Arbeidstidsavtalen for undervisningspersonalet (SFS2213) gir nyutdanna rett til redusert undervisningstid med inntil 6% (SFS2213, pkt. 6). Rektor/leiar og den nyutdanna skal saman setje opp ein avtale for bruk av denne tida. Tida skal først og fremst sikre at den nyutdanna får ein god overgang frå teori- til praksisfelt.

Det fyrste året

Tid og kompensasjon

- Rettleiar og den nyutdanna skal ha minst 20 årstimar til rettleiing i arbeidsplanane sine.
- Rettleiar skal ha funksjonstillegg etter gjeldande avtale for Jærskulen

Organisering

- Oppstartssamtale tidleg i august for nyutdanna, rettleiar og rektor. Ansv.rektor
Innhaldet er ein gjennomgang av planen "Rettleiing av nyutdanna og nytilsette i Jærskulen" og sikra at det er laga ein møte- og framdriftsplan der tid og ansvar kjem tydeleg fram. I planen skal det settast av tid til rettleiing kvar månad.
- Evalueringmøte med nyutdanna, rettleiar og rektor i juni. Rektor har ansvaret.

Det andre året

Tid og kompensasjon

- Den nyutdanna skal ha sett av tid til rettleiing i arbeidsplanen sin. Det vert avtalt to møter kvart halvår.
- Rettleiar får betalt for timar brukt til oppgåva. Heimekommunen til rettleiar betaler ut denne tida saman med funksjonstillegg.

Organisering

- Rettleiing i grupper i regi av Jærskulen
 - Det blir oppretta grupper på tvers av kommunane.
 - Det blir gjennomført to møte i halvåret.
 - Tida vert ikkje lagt på tysdagar

5. Rettleiing til lærarar som har vore borte frå yrket

Lærarar som har vore borte frå læraryrket i minst fem år skal få rettleiing. Tilbodet må tilpassast den einskilde ut frå behov.

Tid

- Både lærar og rettleiar skal ha sett av minimum 10 timar til rettleiing i arbeidsplanen sin.

Organisering

- Oppstartssamtale tidleg i august for lærar, rettleiar og rektor. Rektor har ansvaret. I møtet må det avklarast kva for område læraren treng rettleiing i og det må lagast ein møte- og framdriftsplan der tid, innhald og ansvar kjem tydeleg fram. Det må også avtalast tid for evaluering.

6. Fadder for nye tilsette

I tillegg til rettleiing treng den nyutdanna eit godt støtteapparat, eit stillas rundt seg, derfor har skulane og ei fadderordning for alle nyttilsette.

Kvar nyutdanna og nyttilsett får ein fadder. Fadderer skal vera ein som den nyttilsette arbeider tett saman med, helst ein kollega som jobbar på same /trinn/team.

Alle tilsette i skulen er med på å bidra til at nyttilsette blir kjent med arbeidsplassen, men fadder får eit meir spesielt ansvar. Fadderer har ansvar for informasjon og hjelp kring dei praktiske tinga og det daglege arbeidet på trinna og med elevane.

Oppgåver for fadder

- Gå gjennom dei første arbeidsoppgåvene
- Ha dagleg kontakt den første veka. Vera tilgjengeleg for små og store spørsmål
- Kontakt om løysing av arbeidsoppgåver:
- Vera ein person som hjelper den nye med å finna fram i bygningane og i materiell.
- Hjelpa den nye til å etablera kontaktar og avklara ansvaret til teamleiarar, samlingsstyrar, spes.pedkoordinator, andre som har same fag, sosiallærar og miljøterapeutar, PPT
- Informera om rutinar og organisering
- Sjå etter at den nye blir inkludert sosialt.

Prinsipper for veiledning

Partene har blitt enige om å anbefale følgende prinsipper for veiledning av nyutdannede nytilsatte lærere i barnehage og skole:

Veiledningen

- er basert på forskning og erfaringsbasert kunnskap om veiledning av nyutdannede lærere og betydningen av videre profesjonsutvikling i yrket
- skaper en overgang mellom utdanning og yrke som både ivaretar og utfordrer nyutdannede i utøvelsen av læreryrket
- skaper en god sammenheng mellom den kvalifiseringen som skjer i utdanningen og videre profesjonsutvikling i yrket
- videreutvikler den nyutdannedes kompetanse og praksis
- inkluderer, anerkjenner og bruker den nyutdannede som ressurs og bidragsyter i profesjonsfellesskapet
- ses i sammenheng med øvrige kompetansetiltak i barnehage og skole
- tilpasses den nyutdannedes forutsetninger og behov
- tilpasses lokale forhold når det gjelder organisering og innhold
- motiverer den nyutdannede til å videreutvikle seg og bli værende i yrket
- gjennomføres og prioriteres på en systematisk måte de to første yrkesårene
 - gjennom avsatt tid til planlegging og gjennomføring hos både veiledere og nyutdannede
 - etter en strukturert og målrettet plan
 - med en hyppighet og et omfang som bidrar til læring og utvikling
 - både individuelt og i grupper
- utføres fortrinnsvis av kvalifiserte veiledere som holder seg faglig oppdatert og får muligheter til etter- og/eller videreutdanning
- bør fortrinnsvis gjennomføres av veileder som ikke har formelt lederansvar for den nyutdannede

Rettleiaren frå udir

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/veiledning-av-nyutdannede/hvordan-kan-det-gjennomfores/#veiledning-satt-i-system>

- Gjeldande avtale. Kva er det.?